

## Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) kunngjer:

### Høyring av konsesjonssøknadar om kraftleidningstiltak i Vik kommune

NVE har motteke konsesjonssøknadar frå Statnett SF, Sygnir AS og Statkraft AS for kraftleidningstiltak i Vik kommune. Aktørane grunngjev tiltaka med at det er behov for betre forsyningstryggleik, auka kapasitet inn til bergensområdet og nytt kraftforbruk.

Statnett søker om å byggje ein ny 420 kV kraftleidning frå Ramnaberg til nye Vik transformatorstasjon i Ovrisdalen. Sygnir søker i hovudsak om å overta og byggje om Statnett sin eksisterande 300 kV kraftleidning til 132 kV på strekninga frå Dagshovden til Hove, overta og bygge om Statnett sin transformatorstasjon på Hove til 132 kV, etablere ein 132 kV kraftleidning frå Hove til Refsdal og ny Refsdal transformatorstasjon. Statkraft søker om endra tilknytning til kraftnettet for Hove, Refsdal og Målset kraftverk.

#### **Alle som har meiningar om saka kan gi uttale innan 7. januar 2026.**

Statnett, Sygnir og Statkraft søker om konsesjon etter energilova. Dei søker òg om oreigning for naudsynte grunn og rettar for å byggje, eige og drive dei elektriske anlegga, og om førehandstiltreding etter oreigningslova.

Søknadane er tilgjengelege på NVE sine internettsider. NVE har òg bede kommunen om å leggje ut søknadane til offentleg ettersyn.

- Statnett: [www.nve.no/16091/A](http://www.nve.no/16091/A)
- Sygnir: [www.nve.no/16121/A](http://www.nve.no/16121/A)
- Statkraft (Hove kraftverk): [www.nve.no/25810/A](http://www.nve.no/25810/A)
- Statkraft (Refsdal og Målset kraftverk): [www.nve.no/25797/A](http://www.nve.no/25797/A)

NVE held folkemøte om saka onsdag 3. desember 2025 kl. 19.00 på Blix hotell, Sentrumsgata 44. På møtet vil NVE orientere om sakshandsaminga, medan Statnett, Sygnir og Statkraft vil orientere om prosjektet. Alle er velkomne til møtet.

Fråsegner kan du sende via skjema for fråsegner som du finn på saka si nettside, via e-post til [nve@nve.no](mailto:nve@nve.no) eller i brev til NVE, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 Oslo.

Spørsmål om søknadane kan du rette til Statnett ved prosjektdirektør Kenneth Teigenes, tlf. 45 02 27 27, e-post [kenneth.teigenes@statnett.no](mailto:kenneth.teigenes@statnett.no), Sygnir ved prosjektleiar Thorleiv Hurthi, tlf. 419 15 843, e-post [thorleiv.hurthi@sygnir.no](mailto:thorleiv.hurthi@sygnir.no) eller Statkraft ved prosjektleiar Nils Westerheim, tlf. 952 81 089, e-post [nils.westerheim@statkraft.com](mailto:nils.westerheim@statkraft.com). Spørsmål om NVE si sakshandsaming kan du få ved å kontakte NVE v/Herman Lange Johnsen, tlf. 22 95 98 27, e-post [herj@nve.no](mailto:herj@nve.no).